

Eksp. 2

M. ROGNE:

SUNNMØRSFYLKET

I FRAMFARNE TIDER

I. DEL

SUNNMØRSÆTTER — 950—1240

Arild Hvitfeldt, som ei tid var lensherre på Sunnmøre, og den lærde islending Arne Magnusson samla mange gamle historiske skrifter. I den arne-magneanske (Arne Magnussons) handskriftsamling er ein bolk som kallast Adversaria Hvitfeldiana. I denne er nokre sunnmørske ættlegg som G. Storm trudde høyrde med til Arnmodlingatalet ei tid. Arnmodlingatalet fortel um Arnungaætta, og stod innskrive millom kongerekkjene i «Noregs konungatal» («den søndmørske redaktion») for å vise frendskapen millom kongeætta og dei ymse greinene av Arnungaætta. Gustav Storm skriv: «Og hensikten med å innføre dem der kan ikke være tvilsom. Meningen var åpenbart å fremhæve Arnungerne og da navnlig Arnungerne på Giske (Pål Flida og hans sønn Peter), og å knytte deres slekt sammen med tidens aristokrater: med kongeætten, med Reinsætten, der hadde fostret en konge og en jarl, med erkebiskoperne Eysteinn og Peter, med biskop Pål Jonsson på Island, med en svensk kongeætt (Sverkeætten), med en gren av Folkungaætten (Byrge Brosa) og med de orknøiske jar-

ler og høvdingeætter. Det kan altså ikke være tvil om at tillegget er optatt i et «Konungatal» i en for Arnungene på Giske skrevet bok fra ca. 1225—30. Dette blir yderligere styrket, når det kan påvises at slekttavlerne op-rindelig har nådd lengere, og navnlig har dvælet ved andre høvdingeætter på Søndmør, som har været i svogerskap med Giskeætten.» — P. A. Munch hev peikt på at det er ymse ting som ikkje samstavast i desse ættlegga og i Arnmodlingatal og andre soger, men G. Storm hev prova at det ikkje finst motsetjingar i desse.

Sume av desse ættlegga er ikkje fullstendige, eller med andre ord: dei syner ikkje samanhen-gen so godt at ein alltid kann sjå frendskapen med Giskeætta, som det visseleg var fyresetna-den å syne, helst av den grunn at det gjaldt å vise erveretten til jordgodset som desse ættene hadde samla. Borgarkrigane førde med seg at mange storbonde-ætter ikkje kunde halde seg len-ger. Sume av dei kløyvde seg i smågreiner, og sume døydde ut. I baa høva vart det til di at ymse gardar måtte seljast. Odels- retten hadde då mykje å segje.

Løva fyresa at jordgods ikkje burde gå ut av ætta, og difor hadde ættingane ein stor særrett i slike høve. Det vart til di at jordeigedomane vart samla av dei største og rikaste ætlene, men talet på desse ættene vart mindre og mindre etter borgarkrigane. Det er truleg at sume av desse ættene som vert nemnde her, døydde ut, eller seig ned i fatigdom, og at jordeigedomane deira av den grunn vart kjøpt eller ervd av Giskeætta. Me finn allvisst namnet på nokre gardar som i millomalderen høyrde desse mindre ættene til, men i 1582 til Giskeætta eller Giskegodset.

Desse ættlegga som kjem her, er visseleg rette, serleg dei yngre leda; dei eldre er ikkje så pålitande, og i eit par høve kann det visst peikast på dette.

Det er leidt at det alltid i slike gamle skrift vantar årstal. I desse ættlegga er det ikkje nemnt eit einaste årstal. Det let seg likevel gjere å tidfeste nokre av dei personane som vert nemnde her, avdi me finn dei nemnde i saga. Den tidfestinga som vert gjort her, kann ein ikkje lite so visst på er rett, men kanskje noko sonær rett. Kvart led vert merkt med eit tal. Fyrste led

med 1, andre led med 2 og so frametter.

Her er 133 ættlegg i alt, og kvart ættlegg vert merkt med eit romartal. (Det som er sett i parantes, er tilsett her).

Ættlegg I.

1. Kjetil Molla er gravlagd i Vinreid (Væreid i N.fj.). Han åtte Vinreid og Helgeim (i Jølster) til odel og eige. (Desse gardane hadde also vore i ætta i minst 6 ættled. (Gulating-slova).

2. Åmund Åkraskillar. (Kjetil-son.)

3. Kjetil Åmundson hauld (odelsbonde).

4. Jon Skvaldre Kjetilson.

5. Berse Jonson, gift med Brynhild Bjarnedotter i Todarfjord. (Tafjord i Norddalen.)

6. Sigurd Berseson, gift med Ingerid, dotter til Arne på Tjorin (Terøy i Borgund.)

6. Ingeborg Bersedotter (syster til Sigurd), gift på Orva-berg (Sogn).

6. Gudrid Bersedotter, (syster til Sigurd) gift med (Alvgeir prest i Sogn).

7. (Gaut Alvgeirson i Aurnes, far til lendmennene Munan og Jon, kjende frå Sverres saga.)

7. Karlshovud Alvgeirson i Husabø, (systemann i Sogn, bror

til Gaut, kjend frå Sverres saga for drapet på systemennene hans Sverre 1183).

8. Gudrid Karlshovudsdotter (frå Husabø, Leikanger i Sogn, gift med lendmannen *Peter Pålson til Giske*).

9. (Nikolaus Peterson til Giske, lendmann, død 1264.)

Ættlegg II.

1. Sigurd Gullnålskjegge (Gullnålbueren, d. v. s. den som bur på øya Gullnåla; kanskje eit gammalt namn på Bjørnøya.)

2. Eyvind Luse Sigurdson (på Gullnåla eller kanskje på Gullstein på Tustna, Nordmøre).

3. Arne på Tjorin (Terøy i Borg.) gift med Arno, dotter til Kjetil på Lande (Ørskog). Dei åtte Tjorin, Rellingen, halve Sultar (Sylte) og Bjarstad (Bjørstad, Valldalen) til eige og odel. (Arne på Tjorin var son til Eyvind Luse eller Ljuse. Arne fikk gardane sine med kona si, Arno Kjetilsdotter frå Lande).

3. Erlend Eyvindson (eller Joanson. Han var kanskje halvbror til Arne på Tjorin, etterdi Snorre fortel at Erlend Himaldes far var Joan sterke på Rosvoll i Trøndelag. Det var venteleg soleis at enkja etter Eyvind Luse vart gift med Joan sterke. Men um Joan var rette far eller

stykkfar til Erlend, er uvisst, etterdi ættlegget og Snorre ikkje er samde um dette.)

4. Eystein Erlendson erkebiskop (frå 1157 til sin død 1188. Han let bygge domkyrkja i Nidaros, den delen som hev vore bruka no. Bispegarden vart og bygd i hans tid. Noko stend endå.) (Lendmannen Torberg Erlendson var bror hans Eystein erkebisp og far til brørne Gudbrand, Erlend, Olav og Bård Såla.)

4. (Ingerid, dotter til Arne på Tjorin og Arno Kjetilsdotter, gift med Sigurd Berseson i Tafjord.)

Ættlegg III.

1. Ottar på Rifle (Riste eller Riflingen, Rellingen?) åtte Tjorin, Rellingen, halve Sultar (Sylte) og Bjarstad (Bjørstad).

2. Kjetil Ottarson på Lande (åtte same gardane som faren, Ottar på Rifle.)

3. Arno Kjetilsdotter (frå Lande, Ørskog) gift med Arne på Tjorin. (Sjå ættlegg II, 3dje leden.)

Ættlegg IV.

1. Herbjørn ligg i haug i Drifsvik (Borgund). Åtte til odel og eige Helgebolstad (Hellebust) og Holen (Hole) og Star-

rin (Stauri eller Stadheim eller Stareim.)

2. Bruse Herbjørnson (på Muri, Valldalen, som var hovding der då Hellig-Olav for upp Valldalen i 1029.)

3. Grim Bruseson.

4. Bjørn Grimson.

5. Helga Bjørnsdotter.

6. Erik (son til Helga) på Helgebolstad (Sunnylven).

7. Astrid Eriksdotter (gift med Jon Drumbe. Rognil, syster hans, vart gift med lendmannen Erling Vidkunson i Bjarkøy, som døydde i 1182. — Hakatla, dotter til Jon, vart gift med Hallvard i Lid (Skodje?), systemannen til kong Sverre, fall i Nidaros, blodbrudlaupsnatta, 1206. Han var far til Ragnhild, gift med Bård på Barstad.)

Ættlegg V.

1. Hånev (herre i Dale skipreide).

2. Torstein Hanevson Triugnev

3. Eirik krokfot Torsteinson.

4. Arnljot Eirikson Gaddabein som tok den kristne trua og bygde kyrkje i Upsvik (Oksvik), og åtte han heile Upsvik og Upsage (Okshaug), Helle (Hjelle) og Hedingsgerde (Hessegjerde) til odel. (Arnljot budde nok i Upsvik i Stranda. Kyrkja bygde han kring 1050.)

5. Ottar Arnljotson.

6. Lodmund Ottarson.

7. Jon Lodmunson Drumbe, gift med Astrid, dotter til Eirik på Helgebostad. (Ragnil, syster til Jon, vart gift med Erling i Bjarkøy. Sjå ættlegg IV., 7de leden. Ho vart mor til Vidkunn Erlingson og dei 2 systemne hans, Ragna og Astrid (?). Kong Magnus Erlingson sende Jon Drumbe til Bjarkøy og bad Vidkunn kome til kongen og få lendmannsrett. Då hadde Vidkunn fått arven sin, men var berre 18 år gamal. Faren døydde 1182. Kongen let orda frampå um Ragnhild, syster si. Jon og Vidkunn gjorde ei ferd til Ofoten og tok mykje gods frå systemannen til Sverre og drap han. Våren etter for dei søretter på skipet Gullbringa som Eystein erkebisp hadde ått. Men brått kom Bård på Rein og Ivar Silke over dei og drap både Vidkunn og Jon Drumbe. Ragna, syster hans Vidkunn, vart mor til Erling på Bjarkøy, far til Bjarne Erlingson på Giske, baron, død 1313.

8. Hakatla, Jon Drumbe's dotter, gift med Hallvard i Lid (i Skodje, eller på Søre-Sunnmøre. Han var systemann til Inge Bårdson og visst kong Sverres ogso. Storm reknar han til oppkomningane hans Sverre, kanskje fordi

han budde på ein slik nybaka (trælegard?) som Lid. Hallvard vart kalla Lidarfaxe, som tyder Lid-hesten, venteleg avdi han var so stor og sterk. Han er nemnd millom slike kjempekarar som Bergsvein Lange, merkesmann. Dei fall i gatene i Nidaros baae tvo, blodbrudlaupsnatta, 1206.

9. Ragnhild Hallvardsdotter, gift med Bård (på Barstad. Deira son eller soneson flydde ut av landet, fortel ei gamal segn.)

Ættlegg VI.

1. Bård nesjekonge ligg i haugen på Bardarstad (Barstad på Vartdalstranda). Han åtte heile Rome og Strandarvik (Romestranda) og Godøy og Hundeidavik. (Godøy åtte han visst ikkje mykje av.)

(Det skal her nemnast ei segn etter P. Fylling — um Bård Dubre ættfaren til Barstadætta. Bård Dubre kom frå Bjarmeland til kong Alf på Godøy og bad um eit nes å bu på, men Alf sa nei. So for han til kong Nørve ved Nørvesund og bad um det same. Nørve gav ham då Festøya der han busette seg. Sidan budde ætta på Bardstad som odeismenn. Bård var med og hogg hovudet av nesjekongen Kam i Naustdal, kong Haralds uven.

Bårdane på Barstad var sidan skipsstyrarar på skipsreideskipet like til Svartedauden då Bård Barstad flydde til Island. Fyl-ling skriv at han hev fortalt denne soga «ordlydande» som gamle folk hadde fortalt henne. Er det sant, må soga i seg sjølv vere sann, avdi det er peikt på nokre historiske fakta, som visst ingen i den tid vsste um. Kongen på Alnes var fylkesherseren eller Ragnvald Mørejarl. Kong Nørve var hersen i austre Borgundskipreidet. Soga fortel at Ragnvald Mørejarl drap kong Kam-ban i Naustdal. Bård Barstad hev altso vore med då. Han var helst ein vikingkonge som Harald Hårfager gav gardar etter dei som rømde til Island på hans tid.)

2. Eiliv Bårdson jarl ligg i Eilivshaug i Gudøy. (Han vart gift med Ragnhild, dotter til Håkon Ladejarl, då ho vart enkje etter Skofte Skageson som vart drepen ca. 973. Jarlen Orm Eilivson på Uppland var sonen deira.)

2. Torstein Bårdson Blåfot ligg i Hundeid. (Det er gravhaug der.)

3. (Ragnvald Skofteson eller Eilivson jarl på Gudøy er nemnd i same ættlegget, men utanfor slekttrekkja. Han må likevel ha

høyrt med i denne, elles høver det ikkje med tida. Han var far til Tora som vart gift med Ljot jarl, sidan mor til Magnus Berfot.)

4. Ljot jarl (Eilivson?) gift med (Tora) dotter til Ragnvald jarl på Godøy, mor til Magnus Berfot. (Tora var fødd kring 1040—50. Kong Magnus fødd 1076. Nokre år etter fekk ho barn med Brynjulv Ulvalde, som ho vart gift med. Ljot jarl må ha vore fødd 975—90 dersom han var son til Eiliv og Ragnhild. Det kann tenkjast at Ragnvald kunde vere son til Skofte og Ragnhild og fødd 972, (men det er lite rimeleg) og at Ljot var son til Eiliv og ei yngre kone enn Ragnhild. Men rimeleg er det kanskje at han var son til Torstein Blåfot, etterdi både hans gard og Godøya vart teke av Giskeætta.)

5. Olav Ljotson, gift med Borgvar, dotter til Arndor på Brimisnes (Bremsnes på Nordmøre) Magnus Berfots syster. (Det er ikkje nemnt andre stader at Tora fekk barn med Arndor på Bremsnes, men umogeleg er det ikkje. Denne Olav Ljotson kunde då ikkje vere son til Tora. Det er forresten noko anna og som talar for at Ljot var gift tvo gonger. Ervesaka som

før er nemnd. Syster til Olav var visseleg gift med Skofte på Giske.)

6. Kolbjørn Olavsson på Grebstad (Sykk.) gift med Ingebjørg, dotter til Pål på Aure og Sigrid Torkelsdotter på Fugl, som vart uppattgift med Guttorm på Rein, farfar til hertug Skule. (Dette at Skule er kalla hertug, syner at ættlegget ikkje kann vere skrivne før 1237. Kolbjørn må ha vore fødd kring 1100, men Ingeborg, kona hans, 1120—30.

7. Ottar Kolbjørnson (på Grebstad, fødd 1140—50).

7. Gudleik Kolbjørnson (broren).

7. Håkon Kolbjørnson (broren).

7. Inga Kolbjørnsdotter (syster).

7. Sigrid Kolbjørnsdotter (syster) gift med *Jon Asgautson* (på Sylte, Valldalen. Sjå ættlegg 7 og 9.)

8. Isak Jonson prest (på Sylte. Prestane hadde då jamnast berre ei kyrkje kvar.)

8. Bård gægig Jonson (på Sylte).

8. Arne Jonson på Krossbrekke, gift med Solveig, dotter til Gamle på Velle (Sykk.) og Tora Gudbrandsdotter. (Sjå ættl. 8.)

9. Erlend Arneson (på Krossbrekke, Sunnlyven).

- 9. Peter Arneson (bror).
- 9. Kolbjørn Arneson (bror).
- 9. Arndor Arneson (bror).
- 9. Arne Arneson (bror).
- 9. Ragnhild Arnesdtr. (syster).
- 9. Ingebjørg Arnesdtr. (syster).
- 9. Jorunn Arnesdtr. (syster).
- 9. Magnhild Arnesdtr. gift med Bård på Barstad (ca. 1200).
- 10. Bård Bårdson på Barstad (Vartdalstranda) gift med Ragnhild, dotter til Hallvard i Lid. (Sjå ættlegg V.)

Ættlegg VII.

- 1. Skofte av Giske (visstnok gift med dotter til Ljot jarl eller til Ragnvald Jarl på Godøy etter at Gudrun Torsdtr. var død. I anna fall kunde Skofte ha vore dotterson til ein av jarlane på Godøy og ein ætting av Skofte Skageson som han visst heitte etter.)
- 2. Pål Skofteson, gift med Sigrig Torkelsdtr. på Fugl. (Sjå ættlegg VI., 6te leden. Han budde på Aure og døydde ca. 1150.)
- 3. Sigrig Pålsson, gift med Gudmund i Stadheim, (Sunnylven, fødd kring 1120—30).
- 3. Ingebjørg Pålsson, gift med Kolbjørn på Grebstad. (Sjå ættlegg VI, 6te leden.)
- 4. Asgaut Gudmundson Rau-

de (Stadheim) på Sylte (far til Jon på Sylte, far hans Arne Krossbrekke. Sjå ætt. VI. og IX.)

Ættlegg VIII.

- 1. Tore på Loe (Loen) lendmann (i Nordfjord kring 1080.)
- 2. Gudbrand Torson, lendmann (i Nordfjord kring 1100.) Han hadde 6 søner, alle lendmenn, dei 4 heldt 4 sveinar og dei 2 for ut til Jorsalaheim og kom aldri tilbake.
- 3. Tora Gudbrandsdotter, gift med Gamle på Velle (Sykkylv.)
- 4. Solveig Gamlesdotter, gift med Arne på Krossbrekke (i Sunnylvn. Dei hadde 9 born. Sjå ættlegg VI, 8de leden.)

Ættlegg IX.

- 1. Ravn som ligg i hvall (haug) i Heimdal. (Venteleg herre i Dale eller i Sunnylvn skipsreide kring 960.)
- 2. Hergulv Trolle Ravnson (ettermannen).
- 3. Torstein Hergulvson (visst i Sunnylvn kring 1030).
- 4. Olav Torsteinson.
- 5. Gudmund Olavson (på Stadheim, gift med Sigrig, dotter til Pål På Aure. Sjå ættlegg VII.)
- 6. Asgaut Gudmundson Rau-

de på Sylte (Valldalen). (Sjå ættlegg VII).

7. Jon Asgautson (gift med Sigrig, dotter til Kolbjørn på Grebstad og Ingeborg Aura-Pålsson dotter).

8. Arne Jonson på Krossbrekke (Sunnylvn) gift med Solveig Gamlesdtr. frå Velle. (Dei hadde 9 born. Sjå ættlegg VI, 8de leden.)

Ættlegg X.

- 1. Grim ligg i haugen på Hjortdal på Sunnmøre. (Han var kanskje herse i Valle skipr. ca. 1000.)
- 2. Kjetil Grimson (visst i Sykylven.)
- 3. Toralv Kjetilson som tok den kristne trua (ca. 1050).
- 4. Turid Torolvsdtr. Hallenkinn.
- 5. Skald Berse Turideson.
- 6. Turid Skald-Bersedotter, gift med Karl på Straumsheim (i Sykylven.)
- 7. Hedin Karlson, han åtte under seg Hjortdal og Straumseim og Haffuenes (Gjevenes) til odel og eige. (1150.)
- 8. Grjatgard Hedinson (på Straumseim).
- 8. Bardor eller Bordar Hedinson på Inuleime, (Emblem) gift med Margrete, datter til

Jon på Aakre og Randi Ulvsdotter.

9. Karl Bardorson (på Emblem).

Ættlegg XI.

- 1. Jon Aakre (gift med Randi Ulvsdotter. I Haram).
- 2. Margreta Jonsdotter, gift med Bardor (på Emblem i Borgund. Sjå ættlegg X, 8de leden.) (Sonen deira var Karl på Emblem.)

Ættlegg XII.

- 1. Raud.
- 2. Eystein Raudson Brokfell, gift med dotter til Ivar hin gamle i Sundby (Sundsbo i Aukra.)
- 3. Bardor Eysteinson Brokfell, gift med dotter til Astrid i Rundi (Rundøy, Herøy.)
- 4. Karl Bardorson, gift med Jorunn, dotter til Torkel på Myraseter (Myrset i Syk.)

Ættlegg XIII.

- 1. Arne på Myraseter gift med Haldis, dotter til Torgeir nin gamle på Flodhamre (Flem i Haram).
 - 2. (Torkel Arneson på Myrset i Sykylven.)
 - 3. (Jorunn Torkelsdotter gift med Karl Bardorson.)
- «Av disse stamtavler fremgår», skriver G. Storm, «at omkring

årene 1225—30 en mengde store gårder på Søndmøre, visstnok den beste del av fylket, har vært i Giskemændenes og et par andre besvogrede ætters besiddelse, et resultat som ganske stemmer med de senere opplysninger vi har om Giskegodset; i en langt senere oppregning (fra 1582) fins iallfall nogen av de Giskeætten med Gudrid tilfaldne gårder, nemlig Tafjord og Terøen, og som rimelig flere gårder, der ved 1225 hørte til de beslektede ætter (Hundevig, Romestad, Gjævenes, Velle) senere optatt i Giskegodset. Men i alle tilfelde blir det av stor interesse, at der herigjennem kan slåes fast, at allerede i den tidligere middelalder var jordegodset på Søndmør samlet i få og fornemme slægters hender. Borgerkrigene og den sociale revolusjon under kong Sverre synes også å ha virket til eien- dommenes koncentering; derved vinder jo slektstavlerne i pålite- lighet; vi ser tydelig at netop ved århundredets skifte samles eien- dommene på færre hender, tildels kvinner, med hvem de gikk over i andre ætter, og ialfald nogen av disse beilere (f. eks. Hallvard i Lid) synes å ha hørt til de nye ætter som kom op med birke- beinene.»

I dei 3 fyrste ættlegga er det godt å sjå at det er ætta hennar Gudrid i Giske som er opprekna, d. v. s. dei ættegreinene ho kunde erve. Dei 6 næste ættlegga nemner dei ættene Skofte på Giske var i slekt med, men kva slekt- skap der er millom Giskeætta og dei 4 siste ættlegga, gjeng ikkje tydeleg fram av desse; det er kanskje nokre ættlegg som er burtkomne, som skulde syne dete. Av 10de ættlegget synest Hedin Karlson å vere eit knute- punkt som Giskeætta er interes- sert i. Det må vere frendskap millom denne og Myrsetætta og Giskeætta. Kanskje mor til Pe- ter i Giske var dotter til Hedin Karlson. I so fall er erveretten tolleg greid.

Desse ættlegga syner alt i alt at Peter av Giske hadde ein sær- grundig kjennskap til ætta si, som ògso Arnmodlingatalet vi- ser; *det* var visst ògso hans og faren sitt verk. «Det viser sig herav», skriv Storm, «at disse mænd holdt sterkt på sine slekts- traditioner, at de kunde regne si- ne aner op til det 10de eller en- dog 9de århundrede, og holdt regnskap over, hvorledes jorde- godset var gått over fra den ene ætt til den anden.»

LOVER OG RETTSSKIPNAD, KONGEMAKT OG FOLKESTYRE I HARALDS- ÆTTA SI TID — 965—1319

Den gamle suveræne fylkes- styringa fekk eit svimeslag då Harald Hårfager tok landet med *makt*. Kongsmakta hans vart grunnlagd på takarmakta hans, og difor tykte stormennene at dei var vortne trælur og ikkje frie menn, særleg fordi han tok odelen frå bøndene og tvinga dei til å betale skatt. Men dette vart retta på då Håkon den gode vart konge. Han grunnla kongemak- ta på ei semje millom kongen og folket som ikkje kunde skiplast, og odelsretten skulde bøndene ha som dei gamle lovene tilsa.

Harald Hårfager bygde ikkje på folkestyre. Det skulde vere ein overkonge i landet og i kvart fylke ein jarl, og under kvar jarl stod det like mange hersar som det var herad i fylket. Sume jar- lar rådde over fleire fylke, Mø- rejjarlen over 3. Kongen gav hersane gardar i veitsle til løn for tenesta dei hadde, (men jar- len skulde ha 3dje delen av all skatten i fyket til løn.) Denne ordninga heldt seg like til Olav Tryggvesons tid. Noko heilt um- slag vart det ikkje før Hellig- Olavs tid; då vart kongen største odelsbonden i landet, avdi heile

landet var hans odel som skulde gå i arv til sønene, (men kvinne- kne braut denne odelsretten til kongekruna). Og som anna odelsgods, kunde ikkje landet de- last i stykke, men ervast heilt og fritt.

Det skulde etter Olavs tid ikkje vere meir enn ein jarl um gon- gen i landet. Jarletida var slutt.

Kongen var ògso største odels- bonden i landet etter vanleg ty- ding av ordet odelsbonde, avdi han åtte mange gardar i landet, som han leigde burt til årmenn.

Odelsbonden var sin eigen her- re fullt ut og heilt heime på gar- den sin; for der var det berre han som rådde. Han stod i so måte jamnhøgt med sjøve kon- gen.

Alt frå Harald Hårfagers da- gar var det lov at kongen skulde verje landet og verne um lov og rett, og folket skulde hjelpe han. Kvar jarl (eller kvart fylke) skulde i ufredstid halde 60 mann hjå kongen, og kvar herre 20 mann. Denne skipnaden vart brigda då Håkon den gode inn- førde skipreideforsvar; det vil segje: Delte landet i skipreide soleis at kvart skulde halde eit

Ekspl. 2

SUNNMØRSFYLKET

I FRAMFARNE TIDER

AV
M. ROGNE

ARTIKELSERIE I «SUNNMØRSPOSTEN»

I. DEL

1-2.



1976.

SUNNMØRSFYLKET

I FRAMFARNE TIDER

AV

M. ROGNE

II. DEL





Forord.

Etterdi ingen til denne tid hev skrive nokor samanhangande Sunnmørs-soge, kom eg på å gjere ein freistnad i den leid. Tiltaket hev vore på-emna i mange år, men tilhøva hev ikkje vore laglege for meg til slikt arbeid. Eg tykte det var lite meining i å gi ut det eg hev skrive på eigen kostnad; difor let eg Sunnmørsposten prente det meste av det som kjellar-føljeton, mot å gi det ut i bokform etterpå. Fyrste og andre del av Sunnmørsfylket i framfarne tider, som no vert kringsendt i bokform, er tenkt som folkelesnad. Eg hev prøvd å fortelje so klårt og greidt at folk flest kann forstå innhaldet. Det var tanken min å vekkje og auke interessa for fedrane våre i framfarne tider. Dersom eg hev makta noko i den leid, er eg glad for at eg hev skrive noko av Sunnmøre si soga. Fær eg høve til det, vil eg fullføre arbeidet um nokre år.

Grytvin, den 14. mars 1933.

M. R o g n e.

INNHALD

Sunnmørsfylket i framfarne tider, I. del ... side 1—213
 Sunnmørsfylket i framfarne tider II. del ... 213—372

	Side
Steinalderen... .. *	2
Bronsealderen	15
Jernalderen — Vikingtida	19
1. Eldre jernalder	19
2. Yngre jernalder	36
3. Vikingtida	65
a. Samfundsskipnaden og næringslivet... ..	65
b. Harald Hårfager og Ragnv. Mørejarl	69
c. Utvandring til Island	71
d. Jarletida	72
e. Landsforsvaret — Jomsvikingslaget etc.... ..	77
f. Den kristne tida tek til	90
Lendmannstida	96
1. Torfinn Kåreson Haram	96
2. Arnesønene — Hellig-Olav	103
3. Giskeætta til Nikolaus Kuvung	116
4. Blindheimsætta	125
5. N. Kuvung, Pål Flida, Peter og N. Giske	143
6. Sunnmørsætter	148
Lover, rettsskipnad, kongemakt, folkestyre	157
Herrane til Giske	171
(Giske-ætta, Bjarkøyætta, Sudrheimsætta, Marteinætta, 3 roser, Reymarætta og Losnaætta).	
*	
Den katolske kyrkjeskippnaden hjå oss	213
(Erkebispene og kyrkjelovene etc.)	213
Bispevisitas og gudsteneste på Sunnmøre	251
Prestegjelda og kyrkjene på Sunnmøre før reformasjonen	255
Skipreideskipnaden, brevprot og skattelister	268
Skattemanntal for Trondheims erkebispedøme og Bergens bispedøme	271
*	
Sunnmøres styremenn i lensherretida	284
(Lensherrar, futar og skrivarar etc.).	
*	
Styringsskipnaden og dei øvste styresmenn i Noreg frå reformasjonen til 1661	312
*	
Kaupangen Borgund. Handel og skipsferd, 1200—1600... ..	317

	Side
Gamle adelsætter og adelege bondeætter på Sunnmøre... ..	331
1. Barstadætta	335
2. Synnesætta	336
3. Fløætta	340
4. Brandalsætta	340
5. Gudbrandsvik, Ringstad og Eiksund-ætta	341
6. Ramstadætta	343
7. Den yngre Barstadætta	343
8. Lidætta i Ørskog	344
9. Leikongætta	344
10. Vartdal- og Øygaardætta	345
11. Sørheimætta	345
12. Godøyætta	346
13. Ravnætta	347
14. Benkestock og Schønnebøll	347
15. Grotætta	348
16. Teisteætta	348
17. Den yngre Standalætta	349
18. Staurætta	349
19. Mok	349
20. Blyfot- og Marteinsætta	350
21. Kokk	351
22. Fyrd	351
23. Fjørtoftadelen	351
24. Aspeætta	352
25. Søvikadelen	353
26. Vatneadelen	355
27. Tomas Spjelkaviks ætt	357
28. Gås i Borgund	357
29. Skottætta i Vik	358
30. Hustadadel	358
31. Erkebisp Olav Engelbrigtsons ætt	359
32. Soopætta	360
33. Holckætta	362
34. Hår — Tenfjordætt... ..	364
35. Follestadætta Brahe	365
36. Bjørkedal Rossetætta	366
37. Jemteætta	367
38. Austeinætta på Stadheim	368
39. Ymse lensmannsætter	369
40. Gladætta	369
41. Store-Rasmusætta i Haram	369
42. Ymse ætter	371
*	
Rettingar til 1. og 2. del	373